

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

5. søndag i treeiningstida – 5. juli 2020

Preiketekst: Matt 7,15-20

Lesetekst 1: Jer 23,16-24

Lesetekst 2: 1 Joh 4,1-6

Vern oss mot falske røyster og forførande ord

Dagens bøn i Den norske kyrkja sin liturgi gir ei god retning for forkynninga denne søndagen: «Nådige Gud, du sende profetane til å vitna og forkynna din vilje. Vi bed deg: Lat kyrkja vera sannings røyst i verda. Vern oss mot falske røyster og forførande ord, så vi kan stå faste i trua på din nåde, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre ...»

Den danske biskop Georg S Geil skriv at preika denne dagen i grunnen kan skrivast ned til to linjer: «Vogt jer! siger Kristus. Og vi svarer ham ved at sige: Vogt os, Herre – for vi kan ikke vogte os selv.» (Georg S. Geil: Befrielse. Side 113ff).

Lesetekstane

Teksten frå profeten Jeremia (Jer 23,16-24) er henta frå dei siste vanskelege åra før det babylonske fangenskapet. I denne situasjonen forkynte Jeremia ulukke, mens dei falske profetane forkynte fred. Jeremia hadde eit kraftig oppgjær med desse falske profetane som forkynte at frelse utan dom. «Striden med disse yrkeskollegaene var vel det tyngste Jeremia måtte gjennom (23,9 ff; 28)» skriv Gerhard von Rad i boka «Profetenes budskap».

Teksten frå Johannes' første brev (1 Joh 4,1-6) handlar om «å prøva åndene» - om dei kjem frå Gud. Prøvinga blir spesifisert til å gjelda kva som blir sagt om Jesus. Teksten viser at falske profetar var ein aktuell problematikk i urkyrkja då brevet blei skriva ca år 100.

Evangelieteksten

Vers 15: Orda om dei falske profetane er særstoff hos Matteus. Parallellteksten hos Luk (Luk 6,43-44) handlar om gode og dårlege tre, og om tilsvarande frukt. Når Matteus her tar med Jesu ord om falske profetar, fargar dette omtalen av trea og fruktene. Han brukar motsetninga mellom sau og ulv for å visa koss profetane utgjer ein trussel.

Profetane i GT åtvara mot falske profetar og dårlege gjetarar. Dette er kjende uttrykk i jødisk tradisjon. Jesus går inn i denne profetiske tradisjonen når han seier at me skal ta oss i vare for dei falske profetane. Ein profet kan vera falsk på to måtar: ved å forkynna falsk lære og ved å ha falske motiv, som eiga vinning (Sjur Isaksen: Ordet gjennom året I, side 140).

Bibelsk bakgrunn om falske profetar: 5 Mos 13,1-5; 18,15-22; Jer 5,31; 6,13-14; 8,10-11; 14,14-16; Esek 13,1-16; 22,27-28 (nemner også ulven); Mi 3,5-8; Sak 13,2. I fleire av desse tekstane ser det ut for at det har vore typisk for dei falske profetane å forkynna fred, altså shalom, når det ikkje er eller skal bli fred.

Hans Kvalbein (Matteusevangeliet, bind 1, side 196 ff) peiker på at det fanst profetar i urkyrkja (Apg 13,1; 1 Kor 12,28; 14,1 ff) og at det er sannsynleg at åtvaringa mot dei falske profetane sikter på profeti i kyrkja (Apg 13,6; 20,28-31 som også nemner grådige ulvar). Vidare at Jesus åtvarte mot falske profetar i dei siste tider (Matt 24,24).

Vers 16-20: Desse versa handlar om gode og dårlege tre, og om samanhengen mellom treet og frukta. Temaet kjem igjen i Matt 12,33. Andre tekstar om denne samanhengen: Sal 1,3 om treet planta ved rennande vatn; Joh 15,1ff om vintreet, greinene og frukta; Gal 5,22f om Andens frukt.

Hans Kvalbein skriv om vår tekst: «Bildet av treet og fruktene gir uttrykk for Guds totale krav på mennesket, slik det har kommet fram i hele Bergprekenen (5,48). Gud vil ha oss helt. Rot, stamme, grener og frukt hører sammen. Ordet er radikalt i sitt enten – eller. Den onde *kan* ikke gjøre godt, den gode *kan* ikke gjøre ondt. Synspunktet her må være vårt liv sett overfor Gud, fremfor Guds domstol. Der gjelder kun det radikale enten – eller. Ut fra en menneskelig vurdering kan derimot også de «onde» bære relativt god frukt (7,11).»

Tankar til forkynninga

I åndeleg rettleiing er verbet «å skjelna» eit viktig uttrykk. Det handlar om å skjelna mellom det gode og det vonde. Dette er eit tema og eit uttrykk som gjerne kan vera sentralt i forkynninga over teksten. Ordboka seier at ordet bare kan nyttast på bokmål. Det vil eg bestrida! Å skjelna mellom blir forklart slik: «se forskjell på, holde ut fra hverandre».

Dersom du vil ha eit godt minneord for alle aldrar, kan du bruka vers 17: Eit godt tre ber god frukt, eit dårleg tre ber dårleg frukt.

Her er ein preikedisposisjon frå Carl Henrik Martling: Mitt i verkligheten. Homiletiska utkast til kyrkoårets predikotexter (bind 2, side 60). Han har overskrifta «Andlig klarsyn» over søndagen, og gir denne disposisjonen (med fleire underpunkt under kvart av dei tre hovudpunkta):

Den förklädda falskhetens fara

1. Den fromma falskheten lever på sin förklädnad
2. Det är frukten som avslöjar falskhetens förklädnad
3. Med Guds ord skall falskheten kläs av sin förklädning

Georg S. Geil har med denne forteljinga i ei preike over teksten: «Men det andet er præcis lige så farligt, lige så falsk: at tage evangeliet fra den, der *sidder* i en ruin og er angst for alt, måske mest for sig selv. Angsten for Gud optræder undertiden som en angst for én selv.

I *den* situation minder jeg om den mor, der bad Napoleon om benådning for sin søn. Keiseren afslog – denher forbrydelse var sådan, at retfærdigheden krævede dødsdom. – Jeg beder ikke om retfærdighed, jeg bønfalder om barmhjertighed! sagde hun. – Jamen han fortjener ikke barmhjertighed, svarede keiseren. Da var det moderen sagde: Hvis han fortjente den, så var det ikke barmhjertighed!

Barmhjertighed *kan kun* gives til folk, der ikke har fortjent den. Om nogen tager det ord fra et angrende, bange menneske, så er *han* en falsk profet.» (Georg S. Geil: Befrielse. Side 116).

Arne Berge

sokneprest i Hinna, Ytre Stavanger prosti

berge.arne@gmail.com